



# MAKELAUSE OPPLEVINGAR



Kjem du åleine, med familie/venner eller arbeidsplassen din?  
EkstremUtvikling vil, i saman med deg og dine, gjere sitt for å skape ei oppleving de seint vil gløyme!  
Les meir på [www.ekstremutvikling.no](http://www.ekstremutvikling.no)

### Kontaktinformasjon

EkstremUtvikling AS,  
post@ekstremutvikling.no, tlf 9071 9834  
Pb 230, 5702 Voss.  
Besøksadresse: Ultrågt 26,

EkstremUtvikling AS hjelper deg å navigere i spekteret av store og små opplevingar i nærområdet. Dei tek i mot deg med godt organiserte aktivitetar på trygge arenaer, og prøver etter beste evne å tenne elden i deg.

## 120 000 opplevings- kombinasjonar

Om ein kombinerer fire årstider, fem sansar, fire element, femten levande miljø og eitt hundre aktivitetar får ein 120 000 ulike aktivitetsbaserte natur- og kulturopplevingar å velje mellom! Med òi slik oppleving for dagen, tek det 329 år å prøve ut alt Voss har å by på. Det er difor viktig å finne fram til dei opplevingane

som gjev størst utbytte, og det er dette EkstremUtvikling har spesialisert seg på.

## 4 årstider

Som heilårs reisemål har Voss fire ulike kulissar å by på til opplevinga di. Dette inneber at du kan få paragliderturen din i fire variantar! Å fly over sterke haustfargar er noko anna enn når alt er dekkja av snø...

## 5 sansar

Ei oppleving er eit sanseintrykk. Di fleire sansar, di meir komplett oppleving. Tilføe adrenalin og opplevinga blir forsterka. Set så dette saman med dine personlege preferansar og du ser at grunnlaget er lagt for livslange gode minner!

## 4 element

Jord, Luft, Vatn og Eld. Vår geografi byr på elvar i verdensklasse, fjell ein kan hoppe frå, luft som gjev gode flytilhøve, og om vinteren fryser Vatnet til snø. Likevel er det elementet Eld som er hovudfokuset på Voss – glede, begeistringa og ekstasen du ikkje klarer stenge ute etter opplevingar som fyller deg heilt opp!

## 15 levande miljø

Menneske er sosiale dyr, som knyter band til andre menneske ein deler noko med. På Voss har dette resultert i eit rikt festivalmiljø som byr på kulturelle rammer du kan legge opplevinga di i. Som folkemusikk-entusiast vil Landskappleiken bli ei

betre oppleving om ein gjer den planlagte raftinga under same opphaldet ...

## 100 aktivitetar

Voss med sine underleverandørar har over 100 aktivitetar du kan prøve, jamt fordelt utover heile spenningsøyla. Her er noko uansett alder eller personlegdom, og med rett aktivitetsval for den einkilde, skal alle kunne få den same relative gledeskjensla !

## Ekstreme instruktørar

Instruktørmassen til EkstremUtvikling er ei oppleving i seg sjølv. Med meritter frå OL og VM, Mt Everest og Sahara, Forsvaret og idrotten, har dei stor kompetanse til å føre deg gjennom opplevingane på trygt vis.